

NotatDato: 22.08.2014
Arkivsak: 2014/557-50
Saksbehandlar: ingtakl

Til:	Per Nordmark
Frå:	Fylkeseldrerådet

Uttale til regional plan for attraktive senter - fylkeseldrerådet

Fylkeseldrerådet (FYEL) er samd når det gjeld Hovedmåla i planen. FYEL er og samd i oppdelinga i fylkessenter og regionsenter. Kommunesentra er viktige når det gjeld kommunale tenester og daglegvarehandel. Serleg gjeld dette helsetenester. Lege og helsehus bør samlokaliseras, og tilbodet bør vere lokalisert til der folk flest bur.

Når det gjeld **Bustadpreferansar**, har FYEL og merka seg at serleg eldre folk gjerne vil busetje seg i tettbygde strøk. Når det gjeld kvaliteten i bustadområde, bør ein, som planen seier, helst ikkje bu høgare enn i 5.etasje. Dette gjeld ikkje berre for barne-familiar, men i høgste grad også for eldre menneske. I tillegg bør det vere heis.

Når det gjeld **Struktur og form**, bør det etter FYEL sin meining leggjast stor vekt på at uteareala blir utforma estetisk og med trygge gangvegar. I nærleiken av tettstader bør det og vera gangstiar som eignar seg for eldre folk. FYEL er og oppteken av at ein bør ha møteplassar i lokalsamfunnet. Når ein vert pensjonist og kanskje har mykje fritid, er det viktig at ein kan ha ein plass i møtast.

Kjøpesenter – lokalisering og transportmønster er noko FYEL og er opptekne av. For fleire kommunar/distrikt kan det vere betydeleg avstand til dei regionale sentra. Her vil det vere store variasjonar i transportbehov. Difor er det særst turvande med eit godt tilrettelagt kollektivt transporttilbod særskilt for dei eldre. Mange eldre har ikkje sertifikat, og då vert dei avhengige av slekt eller vener for transport til eit kjøpesenter. I distrikta bur dei ofte nær ein matvarebutikk, og det går ofte bussruter til og frå.

Når det gjeld **transport**, er FYEL samd i at kollektivknutepunkt bør vere attraktivt, trygt og universelt utforma. Og taxitilbodet bør samlokaliseras med kollektiv-knutepunkt. FYEL er og av den meining at bestillingsruter, slik det var ei tid, bør opprettast på nytt, serleg i distrikt- og utkantstrøk.

Handlingsplanar er viktige for å nå måla. FYEL set stor pris på at handlingsplanar er konkrete, og FYEL vonar at det frå Fylkeskommunen si side vert budsjettert med midlar slik at handlingsplanane vert sett ut i livet.

Margot Bertheussen
leiar